



Multiconsult AS
Nesttunbrekka 99
5221 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4571 - 16/5161

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
25.02.2016

Ferdigattest støttemur - gbnr 137/565 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 126/16

Tiltakshavar: Børge og Merethe Brundtland, 5911 Alversund

Ansvarleg søkjar: Multiconsult AS, 5221 Nesttun

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 10.09.2015. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.02.2016.

Skildring

Adresse:	Ikenberget 25
Bygningstiltak:	Støttemur

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for redusering av høyde på eksisterande mur, eigedom gnr. 137, bnr. 565.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.



Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4571

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Børge Brundtland

Ikenberget 25A 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Multiconsult AS

Nesttunbrekka 99 5221

NESTTUN